

Kostar det noko?

Ja, totalkostnaden for leiarkurset er på rundt 5000,-
For dei som fullfører kurset blir 3300,- av dette
subsidiert av kyrkjelydane og Ønsket og Elsket, slik at
du betalar ein **eigenandel på 1700,-**

*(Nokon av kyrkjelydane sponsar også sine ungdomsleiarar
med noko av denne eigenandelen, og alle kyrkjelydane har
støtteordningar for dei som evt. har vanskeleg for å betale
for å vere med. Snakk med presten/konfirmantansvarlig i din
kyrkjelyd, for nærare detaljar.)*

Håper å sjå deg på leiarkurs til sommaren!

Helsing

Petter Jakobsen

Ungdomsprest/dagleg leiar i Ønsket og Elsket

&

Ragnar Nørstrud

Ungdomsarbeidar i Ønsket og Elsket

Spørsmål? Ta kontakt!

Tlf.: 909 51 409 E-post: petter@seljordkyrkje.no

PÅMELDING: onsketogelsket.no



Snart er det klart for eit nytt år med Ønsket og Elsket, og vi har lyst til å ha med DEG som førsteårsleiar på leiarkurs!

Kven er du?

Du er den som syns det var siiikt bra på leir i fjor sommar og har lyst på mykje meir moro, å bli kjend med nye menneske, lære nye ting, utfordre deg sjølv, få leiartrening og leiarkompetanse som vil være nyttig i mange samanhengar; i kyrkja, jobb, utdanning, frivillige lag/organisasjonar og ikkje minst har lyst til å vere ein del av verdas beste CREW!

Viss det høres bra ut, syns vi at DU skal melde deg på Ønsket og Elsket sitt leiarkurs!

#TØPPSTEMNING

Dette er det du kan glede deg til, og som alle førsteårsleiarar skal vere med på:

- * Leirførebuingskveld, juni 2019
 - * Leiarkurs på Konf.leir L1 i veke 26: 24.-29. juni 2019
 - * Leiarkurs 22. september 2019
 - * Førsteårsleiartur 16.-17. nov. 2019
 - * Kurssamling laurdag 25. januar 2020
 - * Leiarleir 13.-15. mars 2020
 - * Konf.treff i Seljord 28. mars 2020
 - * Konf. Kick-off i Seljord 18. april 2020
 - * Leirførebuingskveld, juni 2020
 - * Konf.leir L1 (2.årsleiar), veke 26: 22.-27. juni 2020
- * I tillegg må du rekne med inntil 9 timar i løpet av året til eigne samlingar/deltaking som leiar i konfirmantarbeidet i kyrkjelyden der du bur.*

OBS! For å fullføre kurset kan du ikkje ha meir enn 10% fråvær frå desse samlingane. Etter konf.leiren i 2020 vel du om du har lyst til å fortsette vidare som 2.-årsleiar.